



**FYLKESMANNEN I HORDALAND
LANDBRUKSAVDELINGA**

PROSJEKTRAPPORT:

**BEREGNING OG BESKRIVELSE AV
LANDBRUKET SIN BETYDNING I HORDALAND**

RICHARD J. CULAS

**POSTBOKS 7315
5020 BERGEN**

May 1999

1. INNLEDNING

1.1 Hordaland Fylke

1.2 Landbruket i Hordaland

1.3 Bruk, areal og produksjon (status og utviklingstrekk)

1.4 Kva betyr landbruksnæringa for Hordaland ?

2. BRUKERSNIVÅ ØKONOMI I LANDBRUKET

3. VERDISKAPING

3.1 Primærleddet

3.2 Sekundærleddet

3.3 Tertiærleddet

4. SYSSELSETTING

4.1 Primærleddet

4.2 Sekundærleddet

4.3 Ringverknader

5. SKATT TIL KOMMUNANE

5.1 Primærleddet

5.2 Ringverknader

6. "LANDBRUKSBEFOLKNINGA" SOM FORBRUKARAR

7. SAMANDRAG

TABELLER:

Tabell 1 Ulike resultatmål frå driftsgranskingane på Vestlandet

Tabell 2 Produksjonstekniske data og oppnådde priser

Tabell 3 Produksjonsinntekter og -kostnader pr bruk

Tabell 4 Resultat og balanse pr bruk

Tabell 5 Omsetningsverdi av dei viktigaste jord- og skogbruksprodukta

Tabell 6 Tallet på bedrifter i Hordaland: etter næring

Tabell 7 Verdiskaping i industrien i Hordaland

Tabell 8 Sysselsetjing etter sektor i Hordaland

Tabell 9 Sysselsette og tal bruk pr. kommune

Tabell 10 Fordeling av kommuneskatt i Hordaland

Tabell 11 Bøndernes inntekt og formue 1996 (mill. kr.)

Tabell 12 Fordeling av bøndernes skatt til kommune, fylkeskommune og staten

Tabell 13 Forbruk pr. husholdning og sum forbruk

1. INNLEDING

1.1 HORDALAND FYLKE

Hordaland består av 34 kommunar under 6 regionar (Sunnhordland, Indre Hardanger, Ytre Hardanger, Voss og omland, Bergen og omland, og Nordhordland).

Befolkning:

Folkemengde 1. januar 1998: 428 876 (Heile landet 4 418 446 og i % av riket 9,7)

Areal:

Areal i alt 15634,2 km² (Heile landet 323 877 og i % av riket 4,8)

Sysselsette:

Yrkesaktive i alt etter bustadkommune og næring (1990): 204 098
(Heile landet 1 703 78 og i % av riket 9,6)

Kilde: Landbrukssamvirket (Juni 1998); Fylkesstatistikk (Hordaland Fylkeskommune 1996)

1.2 LANDBRUKET I HORDALAND

- Representerer omlag 5 200 årsverk - dei alle fleste knytt til ulike husdyrproduksjonar.
- Har ein omfattande tenesteytande sektor med mange tusen arbeidsplassar på bygdene.
- Forsyner ein stor næringsmiddelindustri, sagbruk, tre- og andre fordelingsveksemdar med råstoffverksemdar som er spredt utover heile fylket.
- Gjer Hordaland til Noregs største fruktfylke.
- Plasserer oss i landstoppen innafor veksthus- og gartnerisektoren.
- Produserer eit spennande, variert og vakkert kulturlandskap- grunnlaget for lokal trivsel og internasjonal turisme.
- Har landets mest variasjonsrike skogar med stor tømmervekst og stor produksjon av fleirbruksgoder, som friluftsliv, jakt, fiske, o.l.
- Er ei næring som er avgjerande for busetjing og trivsel i distrikta, og ein stor kultur- og tradisjonsberar i Hordalandsbygdene.
- Forsyner oss dagleg med friske matvarer med høg kvalitet grunnlagt på ei økologisk og langsiktig ressursforvaltning.

1.3 BRUK, AREAL OG PRODUKSJON (STATUS OG UTVIKLINGSTREKK)

Gardsbruk i drift:

Antall bruk som hadde rett på produksjonstillegg i jordbruket i 1997 var 5200 (heile landet omtrent 79 394 og i % av heile landet 6,55). Produksjonstillegg er gitt for areal som er minst 1 dekar. Det er stor skilnad i kor mykje landbruket har å si for sysselsetting i kommunane i Hordaland. I kommunar der sysselsettinga i landbruket er relativt lav, har landbruket mykje å si for busetnaden. Tilknytning til jord og gard er ofte avgjerande for om folk vil bu i ei bygd.

I gjennomsnitt er Hordalandsbonden 50 år. Omtrent 24 % av Hordalandsbøndene var i 1997 under 40 år, og berre 5 % var under 30 år. Hordaland er prega av relativt små brukseiningar. Arbeidsinnsatsen på Hordalandsbruka er i gjennomsnitt omlag 0,9 årsverk (tilsvarande for landet er 1,1 årsverk).

Jordbruksareal i drift:

Jordbruksareal i drift i 1997 var 455 000 dekar (heile landet 10 386 000 dekar og i % av heile landet 4,38). Hordaland er eit typisk husdyrfylke der heile 97 % av totalt jordbruksareal vert nytta til grovforproduksjon. Omlag 2,3 % av jordbruksarealet vart nytta til fruktdyrking i 1997. Poteter, bær og grønsaker utgjorde 0,3 % av arealet i 1997.

I 1997 vart omlag 300 dekar jordbruksareal godkjend for økologisk landbruk. I tillegg var 1900 dekar under omlegging. Omtrent 78 brukarar dreiv økologisk eller hadde bruk som var under omlegging til økologisk drift. Dei siste ti åra er talet på bruk redusert med 23 %, mens totalt jordbruksareal i drift er auka med 9 %. Det betyr i stor grad at arealet på de bruka som ikkje lenger søker om produksjonstillegg, vert nytta som tilleggsjord av andre bruk. Frå 1996 til 1997 var det derimot ein reduksjon i jordbruksarealet i drift på 1700 dekar. Og gjennomsnittleg jordbruksareal pr. driftseining har auka frå 72 dekar i 1990 til 87 dekar i 1997.

Produksjon:

Mjølkeproduksjonen betyr mest for sysselsettinga i jordbruket i Hordaland. Omlag 1750 bruk driv mjølkeproduksjon. Dette utgjer 33 % av brukarane i fylket, men når det gjeld arbeidsinnsats står mjølkeproduksjonen for over 60 % av total årsverktal.

Innvegen mjølk i meieri og kondenseringsfabrikker i Hordaland (1996):

*Kumjølk i 1000 liter 102 363 (hele landet 1 686 410 og i % av riket 6,07).

Produksjonstilpassinga innan produksjonen vert styrt gjennom kvoteordninga. Siden kvotesystemet avgrensar produksjonen på hvert bruk, er det mange bruk som har kvotar som ligg langt under produksjonskapasiteten på bruket. Frå 1990 til 1997 har talet på mjølkeprodusentar gått ned med 15 % i fylket.

Ved årskiftet 1997/98 var det 60 geitemjølkeprodusenter i Hordaland. I løpet av 90-talet har geiteprodusenter gått ned med 43 %. I same periode har talet på mjølkegeiter gått ned med 26 %.

*Geitemjølk i 1000 liter 1 147 (heile landet 23 345 og i % av riket 4,91).

Ved årskiftet 1997/98 var det omlag 2600 brukarar i Hordaland som til saman hadde nesten 40 000 ungdyr av storfe. De fleste av desse hadde kjøttproduksjon på ungdyr i tillegg til mjølkeproduksjon. Siden kvotene avgrensar produksjonen, er storfekjøttproduksjon for mange den beste løysninga for å kompensere for dårlegare økonomi i produksjonen.

*Storfekjøtt i 1996 for Hordaland 5204 tonn (hele landet 85 620 og i % av riket 6 %).

Sauehaldarane i Hordaland leverte samla 2417 tonn fårekjøtt i 1997. Dei siste ti åra har talet på sauebruk i Hordaland vorte redusert med 21 %.

*Sau og lam (i 1996 for Hordaland) 2853 tonn (heile landet 25 633 og i % av riket 11,13).

I eit normalår kan ein forvente følgjande fruktavlinger (i Klasse 1): Eple (5 000 tonn), Pære (500 tonn), Plomme (550 tonn) og Søtkrisebær (400 tonn).

*Frukt i alt (i 1997 for Hordaland) 5 742 tonn (heile landet 16 069 og i % av riket 35,73)

Kilde: Jordbruket i Hordaland: Utviklingstrekk 1990-97, SSB: Jordbruksstatistikk 1996 og 1997.

Samandrag:

Hordaland utgjer omlag 4,8 % av landets areal. På dette arealet har vi 4,4 % av landets jordbruksareal. Hordaland har 9,7 % av landets befolkning og 6,55 % av landets gårdbrukarar. Hordaland produserer 6 % av landets kumjølke og 5 % av landets geitemjølke. Storfekjøtt utgjer 6 % av landets produksjon. Sau og lam utgjer 11 % av landets produksjon. Frukt utgjer 36 % av landets produksjon.

Desse figurane illustrerer betydninga av landbruket i Hordaland- husdyrhald og produksjon av husdyrprodukt, frukt og bær. Tala (i prosentvis av landet) gir oss eit betre innblikk i landbruket i Hordalandet enn i “gjennomsnitt-Noreg”, både når det gjeld areal, sysselsetting og produksjon. Dette fører oss over på det spørsmålet som er utgangspunktet for dette dokumentet.

1.4 KVA BETYR LANDBRUKSNÆRINGA FOR HORDALAND ?

Landbruksavdelinga, Fylkesmannen i Hordaland, har sett i gang eit prosjektarbeid med utgangspunkt i dette spørsmålet. Som ein del av dette prosjektet har vi innsamling, bearbeiding og presentasjon av data.

Å måle kva ei næring betyr for ein region er ikkje lett fordi mange element har betydning, særleg produksjonsinntektar og kostnader pr bruk og brutto produksjon i landbruket. Det er og interessant å sjå på ringverknader av ei næring i form av verdiskaping og sysselsetting i andre næringar. Element som skatt og kommuneøkonomien, budsjettering, tilskotsordninga til landbruket, landbruksbefolkninga som forbrukarar m.m. vil vere sentrale for å finne eit svar på kva næringa betyr for Hordaland som region.

Denne rapporten er resultatet av driftsgranskingane i jordbruket i Hordaland, eksisterande statistikk og tilgjengelege opplysingar frå offentlege organisasjonar. Det er vanskeleg å samle heile talmaterialet frå lokale bedrifter knyta til landbruket fordi Hordaland har over 30 kommunar og arbeidet ville krevd mykje ressursar og tid. Det er og viktig for oss å presisere at denne rapporten ikkje er meint som ein forskningsrapport.

I rapporten har vi lagt vekt på følgande element:

- Presentasjon av økonomi i jordbruket (på brukernivå) gjennom
 1. Produksjonstekniske data og oppnådde prisar (innhald i opplistingar om talet på bruk som er med, arealopplysingar, opplysinga om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar).
 2. Produksjonsinntekter og kostnader pr. bruk (produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrproduksjon, produksjonstillegg og variable og faste kostnader).
 3. Resultat og balanse (ulike resultatmål og oversikt over balansen).

- Verdiskaping gjennom presentasjon av
 1. Omsetningsverdi av de viktigaste jord-og skogbruksprodukta (primærleddet)
 2. Sekundærleddet industrier i Hordaland
 3. Tertiærleddet industrier i Hordaland

- Sysselsetting gjennom presentasjon av talet på sysselsette for
 1. Primærleddet (jord- og skogbrukssektor)
 2. Sekundærleddet (sysselsetting etter sektor i Hordaland)
 3. Landbruket inkl. ringverknader ved bruk av sysselsettingsmultiplikator

- Skatteinngang til kommunane (også til fylkeskommune og staten) frå næringa
 1. Primærleddet
 2. Ringverknader

- ''Landbruksbefolkninga'' som forbrukarar

Hensikten med dette prosjektet er å bruke tilgjengelege opplysningar på best mogleg måte. Dei data som vert presenterte her vil ikkje gje eit nøyaktig og fullstendig svar på kva landbruksnæringa betyr for Hordaland. Vi meiner vil få fram ein del svar, og at vi gjennom ei enkel og kortfatta presentasjonsform kan synleggjere næringa si rolle i Hordaland.

2. ØKONOMI I JORDBRUKET I HORDALANDET (BRUKARNIVÅ)

Utviklinga i økonomien i vestlandsjordbruket over tid er presentert ved ulike resultatmål frå driftsgranskingane i jordbruket (NILF, 1998). Driftsgranskingane for jordbruket på Vestlandet omfattar Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Talla for bruk som har vore med i perioden varierer mellom 50 og 60 bruk frå kvart fylke. Tabell 1 tek for seg 4 ulike resultatmål for jordbruket; driftsoverskot pr bruk, familiens arbeidsforteneste pr. årsverk og lønsevne pr time, og nettoinntekt.

TABELL 1: ULIKE RESULTATMÅL FRÅ DRIFTSGRANSKINGANE PÅ VESTLANDET

Periode	Areal pr bruk	Driftsoverskot pr bruk i 1997-kr	Familiens arbeidsfort. pr årsverk i 1997-kr	Lønsevne pr time i 1997-kr	Nettoinntekt kr pr bruk i 1997-kr
1958-67	73,7	79 700	38 500	23, 99	106 000
1968-77	89,6	158 800	78 700	45, 79	196 900
1978-87	99,8	237 300	104 800	63, 19	287 800
1988-97	114,6	197 100	90 260	58, 69	308 900

Kilde: Økonomien i jordbruket på Vestlandet (NILF, Notat 1998: 19)

Forklaring på faguttrykka:

Driftsoverskot: produksjonsinntekter minus kostnader

Arbeidsforteneste til familien: Driftsoverskot minus kalkulerte renter av gjennomsnittsverdi av egedelar i jordbruket

Lønsevne: Arbeidsforteneste til familien pluss kostnader til leigd arbeid.

Nettoinntekt: Driftsoverskot for alle yrkesgreiner, lønsinntekter og trygd, med tillegg av renteinntekter og verdien av familien sitt arbeid på nyanlegg, minus rente og kårutgifter.

Av tabellen 1 ser vi at gjennomsnittsarealet på bruka har auka jamt frå 73,7 dekar til 114,6 dekar i løpet av hele perioden. Resultatmålet for lønsemda i jordbruket viser også at det var best lønsemd i perioden 1978-87. Driftsoverskotet pr bruk var då kr 237 300, familiens arbeidsforteneste pr årsverk kr 104 800, lønsevne pr time kr 63,17 (alt målt i 1997-kr). Tala viser nedgang i lønsemd i løpet av dei siste ti åra i Vestlandsjordbruket. Men nettoinntekta (som er målt i fast kr) viser ein auke for heile perioden. Dette tyder på at bøndene har klart å kompensere for nedgang i driftsresultatet i jordbruket ved å hente midlar frå andre kilder. Bidraget frå jordbruket til samla økonomi har gått stadig nedover dei siste åra. Andre

inntektskilder utgjorde 15 % av nettoinntekta i 1980 mot 53 % av nettoinntekta i 1997. Det er særleg lønsinntektene som har økt (NILF, 1998).

TABELL 2: PRODUKSJONSTEKNISKE DATA OG OPPNÅDE PRISER

	1993	1994	1995	1996	1997
Tal bruk i gruppa	62	60	60	57	57
Alder på brukar	46	46	47	47	47
Arealfordeling og avling pr dekar					
Korn i alt, daa					
Grovfor i alt, daa	97,9	98,2	94,6	94,7	98,9
Grovfor i alt, FEm pr daa	360	339	372	337	343
Frukt og bær, daa	6,8	6,6	7,6	8,8	9,2
Jordbruksareal i alt, daa	105,6	106,4	103,6	104,7	109,3
Jordbruksareal i alt, FEm pr daa	358	339	369	338	344
Leigd areal, daa	25,8	26,1	26,7	26,3	28,5
Husdyrproduksjon					
Årskyr	6,0	5,8	6,0	6,0	5,9
Omsett mjølk, liter	33584	32375	33646	32665	34011
Mjølkekvote					
Mjølk, pr årsku, kg	6217	6217	6230	6132	6464
Storfekjøtt, kg omsett	1315	1392	1322	1432	1367
Tal grisekull	2	2	2	2	2
Slaktegris, kg omsett	1364	1288	1303	1084	953
Vinterfora sauer	26	26	22	23	24
Kg kjøtt pr vf sau	26	26	26	24	24
Ull, kg omsett	140	139	129	129	126
Mjølk pr årsgeit, kg	453	482	526	432	477
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	1982	1938	1857	1925	1921
Ektefelle	417	420	481	469	413
Barn under 17 år	29	21	44	37	21
Sum familie	2428	2379	2382	2431	2355
Leigd arbeid	640	604	641	629	569
Timer jordbruket	3068	2983	3024	3060	2924
Timer skogbruket	53	83	76	75	59
Timer nyanlegg	59	82	58	26	54
Oppnådde prisar					
Bygg, kr pr kg					
Havre, kr pr kg					
Kumjølk inkl. driftstillegg, kr pr liter	5,14	4,82	4,70	4,74	4,52
Kukjøtt inkl. driftstillegg, kr pr kg	38,47	39,08	36,29	35,50	35,59
Anna storfekjøtt inkl. distriktstilskot, kr pr kg	42,13	43,00	40,49	40,38	41,31
Smågris, kr pr stk	725	856	795	775	722
Svinekjøtt, slaktegris inkl. distr.tilskot, kr pr kg	23,93	24,60	23,81	22,26	20,59
Sau-og lammekjøtt inkl. distr.tilskot, kr pr kg	39,09	39,47	36,48	35,92	33,85
Ull, kr pr kg	44,63	42,87	37,37	35,29	34,55
Geitemjølk inkl. driftstillegg, kr pr liter	8,25	7,25	7,01	7,52	6,79
Egg, kr pr kg	13,73	12,55	11,56	10,82	10,68

Kilde: Økonomien i jordbruket på Vestlandet (NILF, Notat 1998: 19)

Resultat og balanse frå driftsgranskingane for Hordalandsjordbruket, basert på ca. 60 representanthusholdningar, er presenterte i tabell 4. Opplysningar frå tabell 2 og tabell 3 er grunnlaget for dei estimeringane presenterte i tabell 4.

TABELL 3: PRODUKSJONSINTEKTER OG -KOSTNADER PR BRUK

	1993	1994	1995	1996	1997
Korn					
Frukt	32 643	23 441	35 697	36 305	35 074
Andre planteprodukt	3 336	1 569	3 503	2652	4204
Planteprodukt	35 979	25 010	39 200	38 957	39 278
Storfe, mjølk	172 056	153 680	158 023	154 609	153 558
Storfe, livdyr og slakt	62 450	62 784	59 845	62 950	60 503
Smågris	5 864	9 349	9 808	9 574	9 602
Slaktegris	34 683	29 697	32 067	24 272	18 106
Purker og rånar	1 960	2 081	2 680	2 107	1 956
Sau, livdyr og slakt	27 392	27 980	20 546	20 431	19 257
Ull	6 412	5 621	4 129	4 071	4 185
Geit, mjølk	4 113	4 152	4 548	4 611	4 408
Geit, livdyr og slakt	221	230	180	56	94
Fjørfe, egg	16 472	12 850	10 715	12 803	7 641
Fjørfe, livdyr og slakt	10 458	11 282	10 715	12 803	7 641
Andre innt. husdyrholdet	123	427	266	574	867
Husdyrprodukt	342 204	320 133	313 627	307 414	292 314
Areal- og Kulturlandskaptillegg, grovfor	40 919	39 962	37 902	41 599	45 686
Areal- og Kulturlandskaptillegg, korn					
Prod. tillegg, husdyr	49 278	47 877	40 344	34 653	35 757
Ref. avløysarutgifter	28 083	29 259	27 045	27 764	27 582
Leigeinntekter traktor og reiskap	1 969	3 422	2 681	2 109	4776
Traktor i skogen	4 086	2 790	3 770	2 304	2 552
Anna	20 433	17 178	21 361	20 596	22 651
Produksjonsinntekter i alt	522 951	485 631	485 930	475 396	470 596
Kraftfor	97 542	90 530	87 259	87 650	85 357
Andre forkostnader	4 214	7 795	4 383	5 457	6 015
Såvarer	2 158	1 168	1 717	2 156	2 724
Handelsgjødsel og kalk	14 696	13 383	13 047	13 367	13 858
Konserveringsmidlar	3 333	3 151	3 078	3 246	3 063
Kjøp av dyr	22 356	19 093	20 457	16 573	14 544
Forbr.art. og diverse	18 353	18 377	20 340	19 462	21 419
Variable kostnader	162 652	153 497	150 280	147 911	146 980
Leigd arbeid	53242	52747	57829	54303	50939
Drivstoff	5411	5295	4966	4748	5306
Vedl. hald jord, vegar, grøfter, vassanlegg	1334	1157	1779	1964	4123
Vedl. hald driftsbygninger	11150	11098	11540	12229	12474
Vedl. hald traktor og maskiner	21291	21071	20760	19612	21136
Avskrivingar	52662	51844	52332	52295	53602
Maskinleige	1360	1322	1860	2451	3215
Andre kostnader	29680	28083	29309	30263	35377
Faste kostnader	176 128	172 617	180 375	177 865	186 172
Kostnader i alt	338 780	326 114	330 655	325 776	333 152

Kilde: Økonomien i jordbruket på Vestlandet (NILF, Notat 1998: 19)

Tabell 2; produksjonstekniske data og oppnådde priser, innehold opplysningar om talbruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde priser. I tabell 3; prodaksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrproduksjon, produksjonstillegg og variable og faste kostnader.

TABELL 4: RESULTAT OG BALANSE PR BRUK

	1993	1994	1995	1996	1997
Driftsoverskot	184 171	159 517	155 276	149 620	137 443
- Renter av aktiva i jordbruket	68 557	60 182	53 310	48 595	45 819
Familiens arb. fortjeneste	115 614	99 335	101 966	101 025	91 624
Familiens arb. fortjeneste pr årsverk	89 282	78 291	80 263	77 919	72 949
Lønsevne i alt	168 856	152 082	159 795	155 328	142 563
Lønsevne pr. time	55,04	50,98	52,85	50,77	48,76
Vederlag til arb. og eigenskap. pr årsverk	132 753	122 914	123 297	116 302	113 648
Rekneskapssamandrag					
Driftsoverskot, jordbruk	184 171	159 517	155 276	149 620	137 443
Driftsoverskot, skogbruk	558	-25	3 036	1 883	3 743
Driftsoverskot, tilleggsnæring					7 348
Driftsoverskot, anna næring	25 098	32 005	19 478	29 699	15 771
Lønsinntekt	85 846	86 409	93 428	100 634	112 437
Pensjonar	10 683	16 793	17 380	11 015	12 678
Sjukepengar					2 646
Aksjeutbyte					8 438
Arbeid nyanlegg	5 537	7 847	5 662	2 730	5 614
Renteinntekter	12 978	9 219	8 493	6 965	5 756
- Renteutgifter	34 540	29 374	25 258	25 610	20 146
- Kår	2 065	2 120	2 383	2 766	2 867
Nettoinntekt	288 266	280 271	275 111	274 170	288 860
Privatforbruk eks. skatt	195 173	203 856	212 863	225 154	233 561
Skatt	81 746	81 401	87 814	89 348	92 669
Balanseoversikt (UB)					
Kontantar og bankinnskott	187 998	216 517	208 500	196 339	205 129
Andre krav	76 303	74 725	81 597	83 449	69 294
Omløpsmidlar jordbruket	73 010	66 706	62 729	56 987	58 452
Omløpsmidlar skog og andre næringar	1 623	1 958	1 283	1 766	34 549
Omløpsmidlar i alt	338 934	359 906	354 109	338 541	367 424
Anleggsmidlar i jordbruk	689 798	688 530	697 964	689 673	700 072
Anleggsmidlar skogbruk	19 935	20 013	19 684	18 497	20 239
Anleggsmidlar anna næring	48 021	72 235	66 001	69 649	88 073
Hovudbygning	241 709	236 395	279 983	311 940	322 402
Privat	44 351	45 890	57 641	72 494	67 057
Anleggsmidlar i alt	1 043 814	1 063 063	1 121 273	1 162 253	1 197 842
Eigedelar i jordbruket	762 808	755 236	760 693	746 660	758 524
Eigedelar i alt	1 382 748	1 422 969	1 475 382	1 500 794	1 565 266
Kortsiktig gjeld	11 946	120 563	125 464	115 515	109 573
Langsiktig gjeld	309 808	356 319	350 146	396 332	398 380
Eigenkapital	953 994	946 087	999 772	988 947	1 057 313

Kilde: Økonomien i jordbruket på Vestlandet (NILF, Notat 1998: 19)

Resultat frå driftsgranskingane i Hordalandsjordbruket (baserte på ca. 60 representant-brukarar) viser at driftsoverskotet i jordbruket har vore i nedgang i løpet av dei siste fem åra, men at nettoinntekta ikkje har variert so mykje (nesten det same i løpet av perioden). Dette tyder på at driftsoverskotet frå anna næring/tilleggsnæring, lønsinntekter, trygd og renteinntekter har vore kompensasjon for reduksjon i driftsoverskotet i jordbruket. Resultata viser og at “eigedelar i jordbruket” ikkje har variert signifikant for dei same brukarane i dei same periodane (eigedelar, også kalla aktiva, i jordbruket er verdsette ut frå bokført verdi, med andre ord innkjøpspris med tillegg av nyanlegg og frådrag for avskrivningar og fråsal).

3. VERDISKAPING

3.1 PRIMÆRLEDDET

Omsetningsverdi for kjøtt, som er presentert i tabell 5, er basert på opplysningar frå Fraktkontoret og Landbrukets prissentral. Opplysningar om slaktemengd frå Hordalandsleverandørar og landsgjennomsnittlege prisar (som er basert på produsentprisar i Oslo, Bergen og Trondheim) er brukt for estimering av omsetningsverdi av kjøtt. Omsetningsverdi for egg er basert på årsmelding frå Vestlandske eggssentral. Omsetningsverdi for mjølk er basert på opplysningar frå Vestlandsmeieriet. Omsetningsverdi for frukt og bær er basert på opplysningar frå Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga, om avling for eit normalår og frå Landbrukets prissentral sine årsmiddelprisar for frukt og bær. Omsetningsverdi for veksthusnæringa er basert på opplysningar frå Norsk Gartnerforbund. Omsetningsverdi for skinn er basert på opplysningar frå Norsk pelsdyravslag. Omsetningsverdi for ull er basert på opplysningar frå Fraktkontoret og Landbrukets prissentral. For skogbruk er tala baserte på opplysningar frå Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga.

TABELL 5: OMSETNINGSVERDI AV DEI VIKTIGASTE JORD- OG SKOGBRUKSPRODUKTA (1998)

Produkt	Omsetningsverdi (mill. kr)
Kjøtt - storfe	164,13
Kjøtt - kalv	3,36
Kjøtt - gris	55,75
Kjøtt - sau/lam	86,98
Kjøtt - geit	00,37
Kjøtt - hest	00,77
Egg	21,95
Kylling	13,13
Mjølkk	422,05
Frukt og bær - eple, pære, plommer og kirsebær	51,09
Veksthusnæringa (blomster og grønnsaker)	97,66
Skinn (pelsedyr: mink og rev)	5,62
Ull (klasse A, B, C, F, G, GS, H, SPISS, HS og V)	18,82
Skog - tømmer, ved, juletre o.l.	14,84
SUM	956,52

Omsetningsverdiar for poteter og grønnsaker er ikkje med grunna liten produksjon.

Omsetningsverdi for annan frukt og bær er ikkje med grunna manglande informasjon. Tilskot som produksjonstillegg, avløysartilskot og driftstillegg i mjølkeproduksjon er heller ikkje med. Tala i tabell 5 syner oss at landbruket i Hordaland har (minst) ei brutto omsetnad på 957 mill.kr. Verdien av omsetning av livdyr, privat omsetning av ved og inntekter frå jakt, utleige og utmarksressursar er ikkje med i dette talet. Samla verdiskaping/ omsetning for landbruket i Hordaland vil derfor vere 957 mill. kr. basert på produksjon og prisar for året 1998.

3.2 SEKUNDÆRLEDDETE INDUSTRIAR I HORDALAND

Landbruk er ei næring som i hovudsak produserer råvarer basert på dei lokale naturressursane. I Hordaland er det som nemnt husdyrhald og husdyrprodukt som dominerer (frukt og bær kan også være dominerande samanlikna med andre delar av landet). Ein forholdmessig stor produksjon av husdyrprodukt i regionen har ført til at Hordaland har mange bedrifter innan næringsmiddelbransjen. Når ein skal vurdere verdiskapinga i landbruket i Hordaland, vil det derfor og vere viktig å få frem den verdiskapinga desse bedriftene står for i form av omsetning.

Dessutan er ikkje heile omsetninga til disse bedriftene basert på råstoff frå Hordaland. Nokre av bedriftene kan få delar av råvarerene sine frå andre delar av landet enn Hordaland. Det er

meieria og slakteria i Hordaland som er primærgrunnlaget for lokal råvareproduksjon. Verdiskaping og arbeidsplassar i Hordaland kan også vere basert på landbruk i eller nær områda. Derfor det eit vanskeleg arbeid å samle naudsynte opplysningar frå dei landbruksbaserte bedriftene (sekunderleddet bedrifter) for å estimere omsetningsverdiar. Men ein kan anta at ein estimert omsetningsverdi for sekundærleddet industri er viktig for landbruket i Hordalandet.

3.3 TERTIÆRLEDDETE INDUSTRIAR I HORDALAND

Landbruksnæringa har bruk for ulike innsatsfaktorar til produksjonen sin, som til dømes, kraftfor, gjødsel, drivstoff, maskinar, byggevarar, m.m. Produksjon, sal og distribusjon av desse innsatsfaktorane gir mange ringverknada for landbruksnæringa i Hordaland. Å kartlegge og innhente tal frå alle bedrifter som produserer, sel eller fraktar varar til landbruket, ville krevje mykje tid og ressursar, fordi Hordaland fylke har meir enn 30 kommunar. Men mange av desse forretningane er truleg avgjerande for at dei kan oppretthalde drifta. D.v.s. at landbruket er ofte den direkte årsaka til at resten av befolkninga har et lokalt tilbod innan daglegvaresektoren.

Tabell 6 viser talet på bedrifter i Hordaland etter næring, der bedriftene er inndelt etter storleik der talet på tilsette omfattar alle innmelde i arbeidsgjevarregisteret uansett arbeidsomfang. Verksemdar i offentleg sektor er ikkje med. Det same gjeld bedrifter der ein ikkje kan gitt opp kommune. Tala viser at tenester tilknytta jord-og skogbruk er 1234 som utgjer 5 % av bedrifter i alle næringane (som er totalt 25 053) for året 1997 i Hordaland.

TABELL 6: TALET PÅ BEDRIFTER I HORDALAND: ETTER NÆRING

1997	I alt	0-1 tilsette		1-4 tilsette		5-9 tilsette		10+ tilsette	
	Hordaland	Bergen	Hord. ellers	Bergen	Hord. ellers	Bergen	Hord. ellers	Bergen	Hord. ellers
Varehandel	5 569	1 336	948	370	242	1 221	810	445	197
Biged.drift og forr. messig t. yting	3 854	1 376	747	436	163	692	252	158	30
Byggje- og anleggsverksemd	3 535	796	1 398	147	212	371	390	133	88
Transport og kommunikasjon	2 240	595	511	162	168	361	299	100	44
Industri	2 196	427	552	98	97	316	258	205	243
Andre sosiale og personlege tenester	1 594	386	431	161	114	273	136	71	22
Tenester tilknytta jord- og skogbruk	1 234	62	567	42	343	32	164	3	21
Helse- og sosialtenester	1 139	109	136	136	77	325	228	84	44
Hotel- og restaurantverksemd	889	152	201	37	47	146	136	107	63
Finansiell tjenesteyting	382	68	6	15	8	135	13	129	8
Fiskeoppdrett og klekkeri	349	15	138	4	27	16	113	14	22
Undervisning	204	45	23	17	1643	43	25	26	9
Lønna husarbeid	112	29	25	31	3	3	3	0	0
Elekrisitets- og vannforsyning	92	5	36	0	2	2	14	8	23
Bergverksdrift og utvinning	78	13	33	2	5	5	5	13	3
Internasjonale organ og organisasjoner	3	3	0	0	0	0	0	0	0
Uoppgjeven næring	1 583	573	570	128	106	106	65	21	11
Alle næringar	25 053	5 990	6 332	1 786	4 047	4 4047	2 911	1 517	828

Kilde: Fylkes Statistikk 1998 (Hordaland Fylkeskommune)

Tabell 7 syner verdiskaping i industrien i Hordalandet. Tala syner oss at brutto produksjonsverdi frå næringsmiddel og trevarer utgjer ca. 21 og 1 prosent av brutto produksjonsverdi av industri og bergverk i alt. Men verdia av næringsmiddel inkluderer også fiskeri (og det er ingen måte å skilje verdier innan jord- og skogbruk frå fiskeri). Talet for trevarer kan vere berre for skogbruk.

4. SYSSELSETTING

4.1 PRIMÆRLEDDET

Oversikt over sysselsetting i ulike næringsgrupper i Hordalandet er presentert i tabell 8. Til samanlikning utgjer sysselsette i jordbruk og skogbruk (både for lønstakarar og sjølvstendige) omtrent 3,12 % av total sektorsysselsetting for året 1990. Sysselsettinga er om lag 2,53 % for året 1996. Tala i tabellen viser også at, sjølv om det har vore nedgang i sysselsette innan jord- og skogbrukssektoren (henholdsvis 11,5 % og 9,6 % for åra 1990 og 1996), utgjorde jord- og skogbruksektoren omtrent 3 prosent av dei sysselsette i Hordaland. Det går og tydeleg fram at regionen er prega av dei 30 sektorsysselsettingane (se tabell 8), men landbruksnæringa har nok en rimeleg del av sysselsette (ca. 3 %).

TABELL 7: VERDISKAPING I INDUSTRIEN I HORDALAND

1995 Bransje	Syssel- setting	Lønskostnader		Bto prod. verdi		Bearbeidingsverdi	
		I alt mill. kr	Pr. syss 1000 kr.	I alt mill.kr	Pr. syss 1000 kr.	I alt mill. kr.	Pr. syss 1000 kr.
Bergverksdrift	80	24	300	108	1 350	29	363
Landbruk og fiske	4 302	1 064	247	7 214	1 677	2 060	479
Tekstil, klede	1 217	241	198	800	657	313	257
Trevarer	482	101	210	356	739	131	272
Papir m.m	78	:		:		:	
Grafisk, forlagsverks.	3 672	480	131	1 091	297	570	155
Kol- og petroleumsprodukt	736	:		:		:	
Kjemiske produkt	447	156	349	655	1 465	211	472
Gummi- og plastprodukt	263	65	247	212	806	84	319
Andre mineralprodukt	416	107	257	365	877	129	310
Metall	2 089	608	291	3 859	1 847	1 179	564
Metallvarer	1 247	323	259	850	682	405	325
Maskinar og utstyr	2 542	787	310	3 034	1 194	993	391
Elektriske og opt. produkt	1 863	636	341	2 796	1 501	910	488
Oljeplattformer	4 717	1 513	321	3 737	792	1 707	362
Transportmiddel	2 611	714	273	2 614	1 001	720	276
Annan industriproduksjon	618	137	222	418	676	173	280
Industri og bergverk i alt	27 380	7 296	266	34 349	1 255	10 002	365

Kilde: Fylkes Statistikk 1998 (Hordaland Fylkeskommune)

4.2 SEKUNDÆRLEDDET

I Hordaland er det mange bedrifter innan næringsmiddelbransjen. Vi har allereie sett på kva desse bedriftene står for i form av omsetning. Her skal vi vise kva betydning dei same bedriftene har for sysselsettinga. Tabell 8 viser at sektoren ‘‘annen næringsmiddelindustri’’ utgjør 2,5 % av sysselsette for året 1990 og 2,3 % av sysselsette for året 1996. Sektoren ‘‘produksjon av trelast’’ utgjør 0,5 % av sysselsette både for 1990 og 1996. Også sektoren ‘‘møblar og annan industri’’ utgjør 0,5 % av sysselsette både for 1990 og 1996.

4.3 RINGVERKNADER

Som nemnt under verdiskaping, omfattar ringverknadene av landbruksnæringa meir enn viderefordeling av råvarar frå næringa (til sekundærleddet). Produksjon, sal og transport av innsatsfaktorer både til primærleddet og sekundærleddet har stor betydning. I tillegg kjem verdiskaping og arbeidsplasser innan tenesteytande næringa og det offentlege - som for eksempel rekneskapskontor, forsøksringar, veterinærtenester, landbrukskontor m.m. Å kartlegge nøyaktig kor store desse ringverknadene er i Hordaland ville vore ei svært ressurskrevjande oppgave.

TABELL 8: SYSSELSETTING ETTER SEKTOR I HORDALAND

HORDALAND	1990			1996			Endring 1990-96 lønst. + sjølvst.	
	Lønsta- karar	Sjølvst- tendige	Sum	Lønsta- karar	Sjølvst- tendige	Sum	Tal	%
1 Jordbruk	1 258	3 873	5 131	1 507	3 034	4 541	-590	-11,5
2 Skogbruk	29	75	104	28	66	94	-10	-9,6
3 Fiske og fangst	637	467	1 104	194	433	627	-477	-43,2
4 Fiskeoppdrett	410	12	422	948	15	963	541	128,2
5 Bergverksdrift	137	18	155	136	24	160	5	3,2
6 Fiskeforedling	1 008	22	1 030	1 425	9	1 425	395	38,3
7 Annan næringsmiddelind.	4 130	71	4 201	4 211	40	4 211	10	0,2
8 Prod av tekstil og klede	1 600	102	1 702	1 509	75	1 509	-193	-11,3
9 Prod av trelast	673	108	781	891	77	891	110	14,1
10 Prod av treforedlingsprod.	83	0	83	119	0	119	36	43,4
11 Grafisk produksjon og forl.	2 421	86	2 507	2 602	53	2 602	95	3,8
12 Kjemisk produksjon	1 792	12	1 804	1 713	14	1 713	-91	-5,0
13 Mineralsk produksjon	649	33	682	689	47	689	7	1,0
14 Prod av jern og ferroleq.	2 290	3	2 293	2 068	3	2 068	-225	-9,8
15 Verkstadproduksjon	5 371	180	5 551	7 061	192	7 061	1 510	27,2
16 Bygging av skip/ oljepl.	6 377	67	6 444	7 669	36	7 669	1 225	19,0
17 Møbler og annan industri	758	49	807	823	81	823	16	2,0
18 Kraft- og vassforsyning	1 823	0	1 823	1 900	1	1 900	77	4,2
19 Bygg og anlegg	11 285	2 050	13 335	11 830	1 873	11 830	-1 505	-11,3
20 Olje, gass, boring, utvinning	1 561	0	1 561	2 520	0	2 520	959	61,4
21 Varehandel	22 361	1 946	24 307	23 566	1 651	23 566	-741	-3,0
22 Hotel og restaurant	4 876	367	5 243	6 133	378	6 133	890	17,0
23 Utanriks sjøfart	1 296	5	1 301	1 761	1	1 761	460	35,4
24 Innanriks transport	8 170	1 318	9 488	9 668	981	9 668	180	1,9
25 Post og telekomm.	4 081	0	4 081	3 506	14	3 506	-575	-14,1
26 Bank og forsikring	6 059	17	6 076	6 514	46	6 514	438	7,2
27 Forretningm. tenesteyt.	7 073	891	7 964	9 874	1 178	9 874	1 910	24,0
28 Annan privat tenesteyt.	5 785	1 724	7 509	8 720	1 979	8 720	1 211	16,1
29 Kommunal tenesteyting	40 497	0	40 497	48 498	0	48 498	8 001	19,8
30 Statleg tenesteyting	10 066	0	10 066	11 592	0	11 526	1 526	15,2
SUM sektorsyssetjing	154 556	13 496	168 052	183 247	12 301	183 247	15 195	9,0

Kilde: Fylkes Statistikk 1998 (Hordaland Fylkeskommune)

For å illustrere dei totale ringverknadene kan vi bruke ein sysselsettingsmultiplikator på 1,6 (som er basert på forskningsresultat frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning). Ein sysselsettingsmultiplikator på 1,6 tyder at for kvar arbeidsplass i landbruket vert det danna 0,6 arbeidsplassar i andre verksemdar. Nyttar ein denne sysselsetingsmultiplikatoren, og tek utgangspunkt i fylkesstatistikk 1998 frå Hordaland fylkeskommune, for 5235 sysselsette i jord- og skogbruksektoren for året 1990, finn vi at 8376 arbeidsplassar er i eller i tilknytting til landbruket i Hordaland.

TABELL 9: SYSSELSETTE OG TAL BRUK PR. KOMMUNE

Kommune	1990		1996		1990 - 96	
	Arbeidstak- -arar totalt	Tal bruk	Arbeidstak- arar totalt	Tal bruk	% endring i arbeidstakarar	% endring i tal bruk
Etne	1 323	251	1 474	221	11,4	-11,9
Ølen	983	187	1 195	154	21,6	-17,6
Sveio	1 491	251	1 765	209	18,4	-16,7
Bømlo	3 047	182	4 069	166	23,4	-8,8
Stord	6 141	115	7 087	93	15,4	-19,1
Fitjar	1 020	119	1 117	93	15,1	-21,8
Tysnes	883	155	972	134	10,1	-13,5
Kvinnherad	5 000	484	5 413	413	8,3	-14,7
Sunnhordland	19 888	1744	23 092	1483	16,1	-14,9
Odda	3 269	98	3 384	90	3,5	-8,2
Ullensvang	1 289	335	1 369	316	8,3	-5,7
Eidfjord	388	57	395	40	1,8	-29,8
Indre Hardanger	4 946	490	5 175	446	4,6	-8,9
Jondal	380	88	449	81	18,2	-7,9
Kvam	3 309	336	3 603	306	8,9	-8,9
Fusa	1 228	236	1 377	211	12,1	-10,6
Samnanger	852	92	965	70	13,3	-23,9
Ytre Hardanger	5 769	752	6 394	668	10,8	-11,2
Ulvik	402	100	475	81	18,2	-19,0
Granvin	375	82	413	74	10,1	-9,8
Voss	5 553	693	5 493	636	-1,1	-8,2
Vaksdal	1 732	102	1 702	89	-1,7	-12,7
Modalen	111	24	131	22	18,0	-8,3
Voss og omland	8 173	1001	8 214	902	0,5	-9,9
Bergen	91 107	378	98 361	292	8,0	-22,8
Os	5 447	103	5 954	85	9,3	-17,5
Askøy	7 510	107	8 329	78	10,9	-27,1
Fjell	6 096	117	7 419	84	21,7	-28,2
Austevoll	1 321	100	1 577	91	19,4	-9,0
Sund	1 824	81	2 072	55	13,6	-32,1
Øygarden	938	61	1 254	36	33,7	-41,0
Osterøy	2 681	276	2 863	231	6,8	-16,3
Bergen og omland	116 924	1223	127 829	952	9,3	-22,2
Meland	1 742	126	2 155	107	23,7	-15,1
Radøy	1 512	296	1 728	247	14,3	-16,6
Lindås	4 338	424	5 204	377	20,0	-11,1
Austrheim	988	71	1 113	56	12,7	-21,1
Fedje	288	9	268	4	-6,9	-55,6
Masfjorden	645	154	642	122	-0,5	-14,7
Nordhordland	9 513	1080	11 110	913	16,8	-15,5
Hordaland i alt	165 213	6290	181 814	5364	10,0	-14,7
Riket	1 683 775		1 831 500		8,8	

Kilde: Fylkes Statistikk (Hordaland 1998); Landbruksavdelinga (Fylkesmannen i Hordaland)

På den same måten, for 4635 sysselsette i jord- og skogbruk for året 1996, finn vi at 7416 arbeidsplasser er i eller i tilknytting til landbruket i Hordalandet. Dette kan vi rekne for kommunal tenesteyting innan landbruksforvaltning i kommuner og fylkesnivå organisasjon, forretningsmessig tenesteyting, varehandel, osv.

Frå tabell 8, kan vi også merke at frå 1990 til 1996, var det nedgang i sysselsettinga i jord- og skogbrukssektoren (henholdsvis 11,5 og 9,6 prosent), medan lønstakarar i jordbruk har auka frå 1258 (i 1990) til 1507 (i 1996). Talet på sjølvstendige næringsdrivande i jordbruket har minka frå 3873 i 1990 til 3034 i 1996. Tilsvarende endring i skogbruk er ikkje så signifikant. Men det er usikkert om tala i tabellen gir et heilt korrekt bilete av kor mange personar som er sysselsette i landbruket, ettersom svært mange gardbrukarar har inntekt utanom garden og dermed kan vere definert som sysselsette i andre bransjar.

Ein total oversikt over arbeidstakarar og tal bruk per kommune er presentert i tabellen 9. Tala frå tabellen viser at frå 1990 til 1996 har arbeidstakarar i Hordaland auka med 10 %, medan tal bruk i same periode har minka med 14,7 %.

5. SKATT TIL KOMMUNANE

5.1 PRIMÆRLEDDET

For å få fram kva landbruket betyr for Hordaland, er det også interessant å sjå korleis næringa har påverka kommuneøkonomien. Vi har teke utgangspunkt i skattestatistikken for 1996 for å finne tal for dette. Tabellene 10, 11 og 12 er basert på Hordaland fylkeskommune sin fylkesstatistikk (1998) og SSB sine fylkesfordelte tal for jordbruksstatistikk og skattestatistikk (1996).

I tabell 10 vi ser kommuneskatt i Hordaland saman med fylkesskatt og statsskatt for året 1996 (tilsvarende tal syner verdier i mill. kr. 4727,04; 2524,69 og 5393,60). Tabell 11 syner bøndene sin inntekt og formue i 1996 i mill. kr., men desse opplysningane gjeld personlege brukarar med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. Også pensjonsgjevande næringsinntekter er delt i lønnsinntekt, jord/skog- og fiskeinntekt, og annan næringsinntekt. I tabell en kan sjå at Hordaland utgjer ca. 7,24 % av utlikna skatteinntekt i forhold til utlikna skatteinntekter frå alle fylker i landet.

TABELL 10: FORDELING AV KOMMUNESKATT I HORDALAND

1996	Skatt på inntekt og formue (kr. pr. innb.)	Folketalet i kommunane	Skatt på inntekt og formue for kommunane (mill. kr.)
Hordaland, kommunane	11 116	425 247	4727,04
Hordaland fylkeskomm.	5 937		2524,69
Den Norske Staten	:	:	5393,60

Kild: Fylkes Statistikk 1988 (Hordaland Fylkeskommune)

Tabell 12 viser fordeling av skatt frå bøndene sin inntekt og formue. Tala viser også at bøndene sin inntekt og formue bidreg til ca. 4,10 % av skatteinntektene i fylket. Totalt for Hordaland er andelen kommuneskatt som kom frå næringsinntekt i jord/skog og fiske (sjølvstendig eller primærleddet) i underkant av 2,21 %.

TABELL 11: BØNDENES INNTEKT OG FORMUE 1996 (MILL. KR.) - OMFATTAR BRUK MED MINST 5 DEKAR JORDBRUKSAREAL I DRIFT (FOR BRUKAR OG EKTEFELLE)

	Netto formue	Alm. inntekt	Person-inntekt ialt	Pensjon, trygd etc.	Pensjonsgivende inntekter				Utlíkna skatt
					Ialt	Lønns-inntekt	Jord/skog fiske	Annan næring	
Alle fylker	46411	21182	21700	1996	19704	12463	5712	1529	7172
Østfold	3341	1335	1266	103	1163	759	290	114	457
Akershus/Oslo	3237	1344	1267	103	1165	779	244	142	483
Hedmark	4095	1782	1782	201	1581	1042	419	120	606
Oppland	4946	1885	1916	166	1750	1020	579	150	635
Buskerud	3290	1347	1377	126	1251	873	229	150	478
Vestfold	2047	982	911	74	837	557	198	83	324
Telemark	1922	876	978	124	854	644	125	85	303
Aust-Agder	972	394	401	49	352	243	72	37	131
Vest- Agder	1389	629	700	78	622	476	116	30	217
Rogaland	4454	2049	1942	114	1828	959	746	122	701
Hordaland	2797	1531	1726	185	1542	1116	308	118	519
Sogn og Fjordane	3363	1497	1522	143	1379	898	397	83	500
Møre og Romsdal	2910	1425	1541	136	1405	928	403	73	478
Sør-Trøndelag	2517	1213	1243	104	1139	628	444	67	403
Nord-Trøndelag	2312	1279	1324	81	1243	652	518	72	425
Nordland	1555	939	1054	112	942	531	367	44	307
Troms	989	529	589	70	519	291	199	29	168
Finnmark	274	145	159	26	133	65	58	11	39

Kilde: SSB (Fylkesfordelte tall for Jordbruksstatistikk 1997)

5.2 RINGVERKNADER

Kva så med ringverknadene av landbruket ? Også næringsverksemd i tilknytning til landbruket og dei tilsette i desse bedriftene danner grunnlag for skatteinnfang til kommune, fylkeskommune og staten.

Dersom vi skal prøve å finne eit tal for kor stor del av kommuneskatten som er relatert til landbruket, inkl. ringverknader, må vi nytte sysselsettningsmultiplikatoren.

TABELL 12: FORDELING AV BØNDENES SKATT TIL KOMMUNE, FYLKESKOMMUNE OG STATEN

	skatt i mll. kr.	prosentvis fordeling av jord/skog og fiske skatt
Hordaland (Kommune)	194,01	37,38 %
Hordaland fylkeskomm.	103,62	19,97 %
Staten	221,37	42,65 %
Total	519,00	100,00 %
prosentvis av totalt skatt	4,10 %	

Nyttar vi faktoren på 1,6 direkte på dei tala vi har for skatt frå næringsinntekt frå jord/skog og fiske (sjølvstendig eller primærleddet) kjem vi til at:

*For Hordaland totalt er 3,53 % av skatten basert på landbruk (inkl. fiske).

Men dette er under forutsetning av at dei arbeidsplassane som er i andre verksemdar gir same skatteinngang pr. person som sjølvstendig i jord/skog og fiske, og at ein ikkje reknar inn evt. skatt frå desse bedriftene utanom det de sysselsette i bedriftene bidreg med. Som nemnt er heller ikkje dei årsverka som lønstakarar i jord/skog og fiske representerer tekne med. Det vil difor vere eit svært forsiktig anslag over kor stor del av skatteinngangen relatert til landbruket som kjem fram ved å nytte sysselsettningsmultiplikatoren. Dessutan er bøndene sin inntekt og formue dokumentert kun for jordbruksareal i drift på minst 5 dekar.

6. “LANDBRUKSBEFOLKNINGA” SOM FORBRUKARAR

Vi har trekt frem verdiskaping og sysselsetting både i primærleddet, sekundærleddet og tertiærleddet for å synleggjere kva landbruksnæringa betyr for Hordaland. Men vi bør ikkje glemme at bak desse tala finn vi personar og familiar, og at desse også er forbrukarar. For å finne tal for kva desse personane forbruker på pr. år, har vi nytta tal frå: SSB- Forbruk pr. husholdning pr. år 1993-1995, oppført i 1995 priser.

Som vi ser av tabell 13 representerer husholdningane som er tilknytta landbruket betydelege summar i form av privat forbruk. Til dømes tilsvarer sum forbruk for “landbruk inklusive ringverknader” 2261,22 millioner kr. som er ca. 5 % av omsetninga i varehandelen i

kommunane i Hordaland (omsetninga i varehandelen i kommunane i Hordaland er 48 607 millioner kr. for 1995).

TABELL 13: FORBRUK PR HUSHOLDNING OG SUM FORBRUK

	Gjennomsnitt pr. husholdning (kroner)	Sum forbruk Jord/skog (primær) ¹ (millionar kr.)	Sum forbruk landbruk inkl. ringverknader ² (millionar kr.)
Matvarer	28 231	195,32	312,51
Drikkevarer og tobakk	7 856	54,35	86,96
Klede og skotøy	12 710	87,94	140,70
Bolig, lys og brensel	48 993	338,97	542,35
Møblar og hushaldningsartiklar	17 652	122,13	195,41
Helsepleie	4 886	33,80	54,08
Reiser og transport	43 008	297,56	476,10
Fritidssyslar og utdanning	22 769	157,53	252,05
Andre varer og tenester	18 163	125,66	201,06
Sum forbruk	204 268	1413,26	2261,22

¹Forutsetninger: Alle gardsbruk representerer 1,33 husholdning (jfr. Statistisk sentralbyrå).

²Ved bruk av sysselsettingsmultiplikatoren på 1,6.

Sjølv om vi samanliknar med tal for omsetning i varehandelen i kommunane Hordaland, veit vi at denne gruppa ikkje kjøper alt dei treng til privat forbruk i Hordaland. Vi veit at landbruket ut i frå naturgjevne tilhøre er lokalisert til mindre tett befolka deler av Hordaland, noko også sysselsettingstala stadfestar. Det vil difor vere naturleg å anta at delar av det private forbruket vert dekkja lokalt. Dessutan er Bergen handlesenter for Hordaland og dekker 77,80 % av omsetninga i varehandelen av heile Hordaland. Men det er tydeleg at ikkje same prosent av landbruksbefolkninga bu i Bergen eller omkring Bergen.

7. SAMANDRAG

Økonomi i brukersnivå

*Iflg: Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning

Driftsoverskotet i jordbruket er minkande i Hordaland, men nettoinntekta er likevel høgare grunna inntekt frå anna næring/tilleggsnæring, lønsinntekter, trygd og renteinntekter. Til dømes, for 1993 var driftsoverskotet pr bruk 184 171 kr og nettoinntekten pr bruk 288 266 kr; for 1997 var driftsoverskotet pr bruk 137 443 kr og nettoinntekten pr bruk 288 860 kr.

Verdiskaping:

*Samla omsetning for landbruket på Hordaland er omlag 956,52 mill. kr.

- Kjøtt og mjølk er dei viktigaste produkta.

- Skogbruksprodukta har relativt sett laveste omsetningsverdi.

*Ifølge Fylkesstatistikk Hordaland

- Landbruk og fiske (næringsmiddelindustri) har brutto produksjonsverdi på 7214 mill. kr.

- Trevarer har brutto produksjonsverdi på 356 mill. kr.

Sysselsetting:

*Ifølge Fylkesstatistikk Hordaland

- Lønstakarar og sjølvstendige i jord og skogbruk har 4635 sysselsette i 1996 og dette er 2,53 % av total sektorsysselsetting i Hordalandet.

*Totalt sett er ca. 7416 arbeidsplassar i eller i tilknytting til landbruket i Hordaland.

Skatt til kommunane:

*Ifølge Statistikk sentralbyrå

- Bøndernes inntekt og formue (for 1996) er 519 mill. kr og dette er 7,24 % av heile landet.

- Bøndernes inntekt og formue bidrag til 4,10 % av skatte inntekten i fylket.

"Landbruksbefolkninga" som forbrukarar:

*Sysselsette i jord/skog og sysselsette i andre næringar tilknytt landbruket representerer eit forbruk på 2261 mill. kr. som privatpersonar.

*Samanlikna med omsetninga i varehandelen i kommunane i Hordaland, tilsvarer dette over 5 % av den totale handelen.

Utviklingstrekk/status:

*Ifølge Fylkes Statistikk

Sysselsette i sektorane i jordbruk og skogbruk er redusert med hhv 11,5 % og 9,6 % mellom 1990 til 1996.

*Iflg: Landbruksavdelinga, Fylkesmannen i Hordaland

Mellom 1990 til 1996 var den prosentvise endringa i tal bruk i Hordaland 14,7 %.

*Iflg: Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning

Bidraget frå jordbruket til samla inntekt har gått stadig nedover dei siste åra. Andre inntekter utgjorde 15 % av nettoinntekta i 1980 mot 53 % av nettoinntekta i 1997.

Når ein får samla nokre av dei viktigaste tala, ser ein tydeleg at landbruket er ei viktig næring i/for Hordaland. Verdiskapinga er stor, og ikkje minst representerer næringa med sine ringverknader mange arbeidsplassar.

Men ein ser og gjennom utviklingstrekk at det er ei næring som i dag ser ut til å slite i motbakke når det gjelder rekrutteringa og næringsinntekta.

Denne rapporten fører til følgjande spørsmål for både politikarane og folk flest: Hvis vi ønskjer å behalde ei sterk landbruksnæring i Hordaland, er vi då villige til å gjere nok for å oppnå det.